



Fiskesesongen i Uskedalselva startar ikkje før 15. juni men ivrige fiskarar er forlengst i gang med å førebu sesongen. Det har også uskedalen.no erfart i form av fleire telefonar. Difor er det viktig å gje god og riktig informasjon og fleire påpeikar at det sviktar litt i så måte.

Eit døme på det, som blir trukke fram, er at plakataner framleis opererer med året 2010 (biletet) og det er jo høgst villedande. Det bør snarast skje skifte av plakatar.

Årets sesong, for å gjenta det som skjedde på årsmøtet tidlegare i vinter, startar altså 15. juni og varar til 1. september - 2 1/2 månad. Han blir altså 2 veker stuttare enn i fjor. Det er viktig å streke under at Fylkesmannen sin informasjon om fiskeslutt 15. september ikkje er den som gjeld, dette vert avgjort lokalt.

Rabben Feriesenter kan diverre ikkje ta ansvar for kortsal denne sesongen grunna redusert kapasitet, og fiskarane må ordna det på SPAR eller Auto 88. Prisen er auka til 1100 for årskort og 250 kroner for døgncort.

Det vert ingen spesielle andre restriksjonar på fisket i den sesongen som kjem no sjølv om totalfangsten var svært stor og kom opp i 1,4 tonn laks og sjøaure i fjor. Elveigarlaget jobbar vidare med fiskefremjande og fysiske tiltak i elva.

Eitt av dei meir kinkige spørsmål vi har fått er dette:
Når er fisket best i Uskedalselva?
Kven kan svara på det?

Av Ola Matti Mathisen

**PS
BERRE FÅ MINUTTER ETTER AT DETTE VAR LAGT UT PÅ NETTET
HADDE ELVEIGARLAGET GJORT DEI NAUDSYNTE RETTINGAR OG NYE PLAKATER VIL
VERTA SETT OPP**